

TrinnVis-kvalitet = kvalitet

Ein fin dag i mai 2008 er ventetida over – «TrinnVis Kvalitet» er klar for pilot-testing! Det er med spenning og forventning at eg omsider får sett meg ned med programmet. Det er jo slik med slikt arbeid, det er vanskeleg å få det prioritert.

Filer blir henta frå oppgitt internett-adresse. Etter ein ørliten frustrasjon over at det ikkje går an å opne direkte i Windows vista, er eg i gong. (Det gjekk greitt å velje rett kompatibilitetsmodus).

Programmet er innbydande allereie frå starten. Eg blir ynskt velkommen, og det står oppført korleis det er best å bruke programmet. Forklaringsar undervegs er tydelege og lett forståelege, sjølv for ei som ikkje er svært data-kunnig. Dette gjer programmet lett å bruke.

Det blir anbefalt å starte med registrering i programmet sin innføringsdel. Dette gjer eg, og følgjer oppskrifa etterkvart som nye ruter kjem opp. I innføringsdelen er det tre hovudområder; «ressurser», «organisering» og «vårt kvalitetsarbeid». Undervegs blir uttrykk forklart, og her er eksempler som også lettar forståing, og gjer at arbeidet går raske. Programmet byggjer på internkontroll-forskrifta frå 2002 for helse- og sosial-tenesta, og det er omfattande og mykke informasjon som kan registrerast. Informasjon om datasikkerhet kan hentast frå «TrinnVis datasikkerhet» for dei som tidlegare har brukt dette.

Etterkvart som punkt er ferdig utfyldt, kan haker setjast for å markere at delen er arbeidd med. I startbildet vil det då stå haker på dei punkt som er gjort registreringar på – så veit eg kva som er gjort. Dette er genialt, og noko eg har sakna på andre kvalitetsprogram. Når eg då ikkje får tid til alt på ein dag, er det lett sjå kor eg skal starte att når programmet blir opna att (punkt utan haker!)

Nederst på startsida er også ein boks med «statusrapport». Her kjem oversikt over kva som er fylt i, og evt. mangler på det enkelte punkt. Også svært nyttig funksjon.

Når alle deler av «innføring» er haka av, er det på tide å gå over til «oversikt». Her ligg all informasjon eg har registrert, ryddig og lett tilgjengeleg. I tillegg har programmet ei rekkje forslag til retningslinjer, prosedyrer, avtaler og strategi-dokument. Her ligg også lister over lover og forskrifter som regulerer tenesta vår. Forslag kan endrast og tilpassast det enkelte legekontor, og er gitt ut frå informasjon som har

blitt registrert under «innføring». Det inneber at det kun er aktuelle dokument/rutiner som ligg her. Det er enkelt både å legge til nye og slette det ein ikkje vil ha med.

Tidlegare utarbeidde rutiner og dokument eg vil ha med frå tidlegare runder med kvalitetsarbeid, let seg lett kopiere inn i TrinnVis, – alternativt kan det lagast punkt der det er referert til kor aktuelle dokument er oppbevart. Slik kan tidlegare rutiner og dokument bli registrert og framleis kome til nytte.

TrinnVis har eigen del for avvikshandtering, der alle kan skrive inn uheldige hendingar etter kvart. Eg opplever at det er nyttig å ha dette i kvalitetssystemet, med tilgang frå dataen. Det blir lett tilgjengeleg, og kan forhåpentlegvis brukast oftare.

For å få alle deler på plass krevs det nokre timars arbeid, kor mange er vanskeleg å anslå, det avheng også av størrelse på kontorfellesskap, mengd utstyr mm. Det blir anbefalt at fleire deltek i arbeidet med slikt kvalitetsarbeid, og med TrinnVis er det lett å få til. Med klart definerte punkt/områder, er det berre å fordele. Dersom programmet blir lagt på felles server, kan alle nå det frå arbeids-pcen sin.

Beskjedne irritasjonsmoment som små tekstbokser og «feil» bakgrunnsfarge blir nesten ikkje nevneverdig, dessutan blir det kanskje korrigert til endeleg utgåve kjem??

TrinnVis opplever eg som eit godt og tenleg kvalitetskонтroll-system for legekontor. Det har ein innbydande layout som gjer det kjekt å arbeide med. Programmet er lett å bruke og er samstundes omfattande slik at det ved fullstendig utfylling fyller lovkrav til internkontroll. Det er også nyttig å samle informasjon og ha ein fast plass til regler, dokument og rutine-skildringar. At det då er lett å finne att informasjonen styrker ytterlegare programmet sin nytteverdi. Programmet innbyr også til vidare aktiv bruk, både med delar for avvikshandtering, kvalitetsgjennomgang og risikoanalyser, slik at det kanskje blir meir enn eit skippetak den eine gongen...

Eg vil anbefale alle som ikkje har kvalitetssystemet sitt i orden, til å prøve ut dette gode verktøy. Nytt sjansen, det er inspirerande, gir god oversikt og er gratis. Eit lite tips til slutt; ta det trinnvis.

Frøydis Gullbrå